



**Notat**

Dato: 26.04.2017  
Arkivsak: 2014/12111-19  
Saksbehandlar: gurklyv

---

Til: Rune Haugsdal, Fylkesrådmann

Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

---

**Nye Åsane vgs - Samanslåing av 2 bruksnummer.**

Hordaland fylkeskommune er eigar av gnr. 189 bnr. 215 og gnr. 189 bnr. 346 i Åsane i Bergen. Desse eigedomane ligg inntil kvarandre. U. Phil vgs er bygd på den eine eigedomen (bnr. 215). Sjå vedlagte situasjonskart.

Ved bygging av Nye Åsane vgs vil bygget ligge dels på bnr. 215 og dels på bnr. 346, og det vil verte eit krav frå Bergen kommune om at dei to bruksnummra må slåast saman.

Vi ber om at skjemaet «Krav om samanslåing av tinglyste matrikkeleiningar» vert signert. Fylkestinget har i delegasjonsreglementet punkt C *Delegasjon etter særlov*, i underpunkt 37 om matrikkellova, fastsett at fylkesrådmannen har fullmakt til å krevje samanslåing av eksisterande matrikkeleiningar.

Eigedomsavdelinga vil deretter sende skjemaet til Bergen kommune.

Guro Klyve  
Eigedomsavdelinga